



Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 4 • September 2015 • 48. ÅRGANG



Stem på framtidens kyrkje


Snart går heile landet til urnene. For kyrkjens medlemmer gjev valdagen også høve til påverke i ei rekkje sentrale kyrkjespørsmål.

Side 4 og 10-14



Å leve med sorgen

Side 6-7



Gjenforeningsfest for Ten Sing

Side 2-3



Gudstjeneste på Saltkråkan

Side 16-17



GJENFORENINGSFEST FOR TEN SING:
– Dette blir et flott arrangement i kirken sitt jubileumsår! Meld deg på, det kommer til å bli kjempegøy, sier Anne Hilde Garnes Reigstad.

– Det hele startet i Arna Ten Sing

– Ten Sing-tiden i Arna var en fantastisk fin og viktig tid for meg. Mitt håp og ønske er at gode krefter forenes, slik at riktig mange blir med i vårt nyoppstartede Ten Sing-kor.

TEKST OG FOTO: ANNE MARIE BRUSDAL

Anne Hilde Garnes Reigstad snakker av erfaring. Hun var med helt fra starten av, da Arna Ten Sing startet opp i 1974, og håper mange melder seg på Reunion-treffet 3. oktober. Hun forteller med stor glede om en tid som har preget henne på mange måter, og hatt en stor betydning for hennes liv og veivalg.

Et levende miljø

– Årene i Arna Ten Sing var fantastiske! Jeg begynte det året jeg skulle konfirmeres, og synes det var stor stas å få være med. I starten spilte jeg piano, men etter hvert begynte jeg å synge i gutterekken, fordi de manglet stemmer der. Jeg fikk etter hvert mer og mer interesse for sang, fortsatte med sopranene, og begynte til og med å ta sangtimer, fortsetter Anne Hilde.

Arna Ten Sing hadde på denne tiden rundt 60 medlemmer, eget band, og et aktivt og levende miljø. Anne Hilde husker tilbake til kjekke turer, mange fine kvelder både i kirken og i Borgstova, og voksenledere som virkelig var til stede for ungdommene i koret.

Ble kordirigent

– Ten Sing-årene var en viktig epoke for meg både sosialt og åndelig. Det var her jeg hadde vennene mine, og det var her jeg fikk en sterk tro. Jeg ble kristen i konfirmasjonstiden, og våget gradvis å bli mer frimodig, uredde og trygg.

Etter tre år i koret stod de plutselig en dag uten dirigent, og Anne Hilde tok utfordringen på strak arm. Hun ble kordirigent

som 17-åring, og begynte også å synge solo på mange av sangene de fremførte. Interessen for musikk vokste mer og mer frem, og etter gymnastiden gikk veien videre til musikklinjen ved Rønningen folkehøyskole. Fem fine Ten Sing-år var spiren til det som skulle bli en viktig musikalsk retning for Anne Hilde og hennes vei videre.

Velkommen til jubileumsfest

Sammen med musikermannen Arve Reigstad har hun i en årrekke ledet lovsangskvelder, og reist land og strand rundt på Oase-stevner og misjonstreff. Anne Hilde er også mor til tvillingene Ingelin og Hildegunn, også kjent under artistnavnet Garness.

– Jentene var med oss fra de var bitte små, og har fått sang og musikk inn med morsmelken. Jeg kan ikke si å ha hatt det helt på samme måte selv, men da jeg først kom inn i Ten Sing-fellesskapet der både musikken og det åndelige stod sentralt, så traff det meg i hjertet, forteller Anne Hilde.

Hun roser initiativet til Reunion-treffet 3. oktober, og oppfordrer alle tidligere medlemmer til å sette av tid til samlingen.

– Dette blir et flott arrangement i kirken sitt jubileumsår! Meld deg på, det kommer til å bli kjempegøy, smiler hun.

Mer informasjon om arrangementet finner du på Arna kyrkjelyd sin hjemmeside og på Facebook, Arna Ten Sing/Keryx reunion. På hjemmesiden vil du også finne informasjon om et nyoppstartet Ten Sing-kor i Arna kirke.

Ten-Sing/Keryx reunion

Vil du møte gamle venner fra Ten Sing-tiden? Savner du å synge? Eller kanskje sang du ikke så mye, men hadde det gøy likevel. Lurer du på hvor alle ble av?

- Arna Kirke fyller 150 år i år, og Ten Sing har, som det også er beskrevet i jubileumsboken, vært en viktig del av historien. Vi har derfor lyst til å samle alle tidligere Ten Sing-generasjoner.
- Vi møtes lørdag 3. oktober 2015 kl. 10.00 i Arna kirke, og fyller dagen med det som gamle venner liker å gjøre sammen, aktivitet, god prat, god mat og sang. Dagen avsluttes med festmiddag i kyrkjelydshuset om kvelden.
- Vi skal sørge for inspirerende band og musikalsk leder som hjelper oss med å få sving på sangen.
- Søndag 4. oktober deltar vi på gudstjenesten kl. 11.00 med innøvd musikkinnslag og band.
- Du finner oss på Facebook ved å søke Arna Ten-Sing/Keryx reunion. Her kan du gjerne gå inn og registrere at du kommer, invitere flere eller dele et innlegg. Fint om du også kan melde deg på innen 10. september ved å sende en epost til bmsm@broadpark.no.
- Dersom du har spørsmål, så ring gjerne til Borghild Skadal Midttun, m. 94189122.



DEN GANG DA: Vi håper at mange ønsker å komme for å feire at vår kirke i Arna fyller 150 år, og bidra til at Ten Sing-toner igjen fyller kirken.

Strikkedugnad

Tirsdag 3. november kl 19-21 i Arna kyrkjelydshus
Også i år skal ei konfirmantgruppe i Arna delta i prosjektet «Strikk for livet». Dei skal strikke «kuvøser» (genserar, luer, sokkar og tepper) til premature og sjuke born på Haydom lutherske sjukehus i Tanzania. På heimesida www.strikkforlivet.no kan du lese meir. Du finn og oppskrifter dersom du vil laga noko. Du treng ikkje strikke heile sett. Alle bidrag er flott!

Arna eldresenter

Ope kvar tysdag og torsdag frå kl 10-15 i Arna kyrkjelydshus. Middagsservering kl. 12-14. God heimelaga mat til rimelig pris. Me har god plass til nye brukarar! Ein kan tinge transport hjå Arna frivillighetsentral, ring eldresenteret for avtale. Tlf.: 55241313.

Kyrkjekaffi på Ådnatun museum

Sundag 13. september etter gudstenesta. «Arna kyrkje - 150 år i kvardag og høgtid» vert tema for utstilling og foredrag.

K-FORUM - Et møtested for kvinner i alle aldre

Tirsdag 15. september kl. 19.30 i Arna kyrkjelydshus. Tema: Gud og livsløpet v/daglig leder for Sesam-stiftelsen Torill Hansen Kongsbakk.


4-årsbok

Søndag 27. september kl. 11 er det hausttakkefest i Arna kyrkje! Alle barn som blir 4 år i år kan få denne boka i kyrkja. Ta med foreldre, søsken, besteforeldre eller fadrar og kom! :)



Barnekorprosjekt i Arna kyrkje

Bjarte Leithaug kjem lørdag 31. oktober for å synge saman med alle barn som vil vere med! Det blir øving på føremiddag og konsert kl. 16. Billett kr 50,- / familie kr 150,. Sundag er alle med på barnas jubileums-gudsteneste kl. 11. Påmelding innan 1. oktober: arna.menighet@bergen.kirken.no.



Jubileumsfest

Laurdag 7. november kl 19 i Arna kyrkjelydshus. Det vert god mat og mykje kjekt! Påmelding til kyrkjekontoret innan 25. oktober. Alle er velkomne!

Rusletur i Rambergsvegen

Oppmøte for liten og stor ved leikeplassen øvst i Stølsvegen lørdag 12. september kl. 11. Rebusløp. Etter turen blir det graut m/tilbehør, kaffi med noko attåt og premieutdeling i Arna kyrkjelydshus frå kl. 13. Finn fram turskorne og bli med!
Helsing Arna sokneråd v/breddearr.komiteen

Kyrkjevalet 2015

Slik stemmer du ved soknerådsvalet

Det er berre ei liste ved val av sokneråd, og valet vert arrangert som fleirtalsval. Vel du å levere stemmeseddelen utan endringar, får alle kandidatane på lista ei stemme kvar.

Vil du endre på stemmeseddelen kan du:

- Gje inntil tre kandidatar tilleggsstemme ved å sette kryss i ruta til venstre for kandidaten sitt navn. Kandidaten får då to stemmer.
- Føye til navn på inntil tre valgbare personer i kyrkjelyden. Desse kan du ikkje gje tilleggsstemme og får då éi stemme kvar.
- Øvrige kandidatar får ei stemme kvar. Andre endringar vert ikkje rekna med.

Soknerådsvalet i ARNA SOKN

(13.-)14. september 2015



Lista til nominasjonskomiteen

1. KARI SECHER, 65 år, TEIGANE, INDRE ARNA, Pensjonist
2. BJARTE ABILDGAARD, 35 år, MOLDALIA, ESPELAND, Elektriker
3. AUDUN MAGNE STØLÅS, 66 år, STØLSVEGEN, INDRE ARNA, Pensjonist
4. INGER MARIE OSLAND, 75 år, EIKHAUGEN, ARNATVEIT, Pensjonist
5. MARIE PRESTEGÅRD, 19 år, LANGEDALEN, HAUKELAND, Student
6. ARVID SVEIN GRØNENG, 46 år, EIKHAUGEN, ARNATVEIT, Fagarbeidar
7. STEFFEN MJELDE, 49 år, LONALEITET, HAUKELAND, Faglærer
8. SVEINUNG FRODE BØE MJELDE, 69 år, BRATTLANDSVEGEN, HAUKELAND, Pensjonist
9. SVANHILD LUNDE OLSEN-LIE, 62 år, HAGEVEGEN, HAUKELAND, Hjemmeværende/ufør
10. ODD MEHUS, 46 år, VESTLIVEGEN, INDRE ARNA, Fotograf
11. HANS MARTIN SVARSTAD, 69 år, LAKSLIA, INDRE ARNA, x
12. JOSTEIN ARVE MONSTAD, 72 år, OPPETVEITEN, ARNATVEIT, Pensjonist
13. GUDRUN NESSE, 68 år, EIKHAUGEN, ARNATVEIT, Pensjonist
14. ERIK RODAL, 63 år, STUAJORDET, ARNATVEIT, Kateket
15. RANDI DAAE STORDAL, 63 år, ÅSHEIMSVEGEN, INDRE ARNA, Pensjonist

Bry deg

13. og 14. september er det val i Den norske kyrkja. Kyrkja treng medlemmer som bryr seg. Du kan vere med på å skape framtidens kyrkje.

13. og 14. september er det val i Den norske kyrkja. Kyrkja treng medlemmer som bryr seg. Du kan vere med på å skape framtidens kyrkje.

Ved kyrkjevalet er du invitert til å delta og til å velje dei kandidatane du ønskjer inn i bispedømmerådet og soknerådet der du bur.

Kyrkjens tilhøve til staten er i endring. Gjennom kyrkjevalet kan du stemme fram dei som kjem til å forme framtidens kyrkje. Di stemme tel i ei spanande tid for kyrkja!

Gå inn på www.kyrkjevalet.no for meir informasjon om dei du kan stemme på. Tilrettelagt valinformasjon for synshemma finn ein også på nettsidene.

Soknerådsvalet i YTRE ARNA SOKN

(13.-)14. september 2015



Lista til nominasjonskomiteen

1. JØRUNN HAUKÅS, 60 år, GAUPÅSVEGEN, YTRE ARNA, Lærer
2. HILDE KVINGE RANNESTAD, 35 år, SØRFJORDVEGEN, YTRE ARNA, Miljøterapeut
3. HELGE BOGNØY, 49 år, HAUGLANDSVEGEN, YTRE ARNA, Butikkmedarbeidar
4. ASTRI ÅGOT KRISTVIK VÅRDAL, 62 år, STUAJORDET, ARNATVEIT, Revisor
5. MARIANNE VEVLE HJORTLAND, 39 år, NORDSTRANDVEGEN, YTRE ARNA, Trusoppplærer
6. THOR KALLAND, 58 år, SÆTREFJELLET, YTRE ARNA, Konsulent
7. TOR ØDDVAR HØLMFJORD, 61 år, SÆTREFJELLET, YTRE ARNA, Elektriker
8. ROZALIE HADHAZI, 34 år, NORDSTRANDVEGEN, YTRE ARNA, Kandidat
9. ANITA MERETHE BRATTAULE FREKHAUG, 51 år, STOREVARDEN, TERTNES, Musikkepædagog
10. SVANHILD MARI STRØMSNES, 30 år, NORDSTRANDVEGEN, YTRE ARNA, Førskulelærer
11. IRENE LISETH, 37 år, BRURASTIEN, YTRE ARNA, Førskulelærer



Abbedissen
begravelsesbyrå as




Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90
Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

www.abbedissen.no

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. BERGEN VEST
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Åsane
Begravelsesbyrå

v/ Johannes R. Blom

55 18 90 00 Døgnvakt



E-post: aasane-b@online.no
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

Arna
GRAVFERDSBYRÅ

Ragnhild Th. Kristing
Marit I. Hope
Torstein A. Jensen



Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 24 08 08
www.arna-gravferdsbyraa.no
Lakslia 13 • 5261 Indre Arna

Koba Christensen
BEGRAVELSESBYRÅ

125 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.

- Gratis samtale i hjemmet
- Egen blomsteravdeling
- Alle prisklasser - forhåndspris
- Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** post@koba.no, www.koba.no

Dåp, konfirmasjon eller bryllup?
Vi har det du trenger for å dekke ditt nydelige festbord!

Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter, løpere, lysestaker, skåler, silkeblomster, bordkort m.m.

Fjøsangerveien 207  **Løiten Lys Bergen**
55 31 80 01

Løiten Lys



www.loiten-lys-bergen.no

Åsane Senter Kilden Senter Oasen Senter Sletten Senter

Alltid en anledning!

TOPPE BLOMSTER
- fra hjerte til hjerte

www.toppeblomster.no Tlf: 55 18 03 00



310 TREseksten

BIBLER - BØKER - MUSIKK - FILM - KORT - GAVER

Åsane Storsenter 42 (rulletrapp opp fra Sport1)
TLF.: 55 19 82 00

ASTRI VÅRDAL
statsautorisert revisor, autorisert regnskapsfører
Ytre Arna - tlf 55 53 14 94

- Revisjon: aksjeselskap, stiftelser, borettslag mm.
- Regnskapsføring.

astri@vaardal.no - <http://www.vaardal.no>

Kleiveland A.S
Ur og Gull

www.kleivelanduroggull.no
Åsane Storsenter tlf 55191800
Øyrane Torg tlf 55240496

XL BYGG. ADOLF JAHNSEN

Fagerdalen 4, 5039 Bergen, Tlf 55 33 36 00
www.adja.no e-post: post@adja.no





LEVER MED SAKNET: – Mykje av det eg irriterte meg over før, er no blitt bagatellar i kvardagen, seier Edvin Bratli, som mista ei dotter i ei alvorleg trafikkulukke.

– Eg kjem aldri over tapet

– Du har livet her og no, det er det viktige. Mykje anna blei veldig lite viktig for oss, seier Edvin Stenhjem Bratli. 25. januar 2013 omkom dottera Mari i ei stygg trafikkulukke på Stord. Ho blei 24 år, og etterlot seg to barn.

TEKST OG FOTO: MAGNE FONN HAFSKOR

Kyrkjelydsbladet treffer den avtroppa administrasjonssjefen i Bergen kirkelige fellesråd (BKF) få dagar etter at han tiltrådte i ny stilling som kyrkjevevjerje på Osterøy. Her skal 62-åringen ha personalansvar for alle dei tilsette (unnateke prestane) i dei fem kyrkjelydane på Nord-Europas største innlandsøy.

Brei erfaring

62-åringen har ein aura av ro rundt seg, og det er lett å setja seg ned i samtale med han. Den dramatiske hendinga for to og eit halvt år sida er med han heile tida, men han finn det vanskeleg å prate heilt ope om det. Me opnar difor med å snakke om den nye stillinga på Osterøy.

Med ni år som daglegleiar i ulike kyrkjelydar i Bergen, fem år som prostileiar i Fana og tre år på toppen av BKF har han her mykje god erfaring å spela på. Opphavleg er han frå Askøy, men har budd mange år i Bergen. Enn so lenge har han ingen planar om å flytta til Osterøy, sjølv om han merkar at han trives godt; både med folket og dei vakre omgjevnadane.

To arbeidsgjevarar

I BKF arbeidde han tett saman med kyrkjevevjen i Bergen, og hadde blant anna ansvaret for møteaktiviteten i fellesrådet, kyrkjjetorget, arkivet og IT.

– Kva tek du med deg inn i den nye stilinga?
– Det går mest på kvardagen i kyrkjelyden, det som rører seg der. Mykje går på personalansvaret; på omsorg for medarbeidarar, og å kunne forvalta tildelte midlar på ein god måte.

Kyrkja har ei annleis oppbygging enn andre arbeidsplassar, med to arbeidsgjevarar. Bratli håpar at det etterkvart kan bli aktuelt med ei samanslåing, slik at dei tilsette slepp å forhalda seg til to linjer.

Tungrodd system

– Det er betre å ha ein som styrer verksemda enn to som sit på kvar sin stad, meiner han.
– Også reint praktisk vil dette gje store føremøner. Det er enklare å drive omorganisering og arbeidsplanlegging når alle har same sjefen. Eg har håpa på at dette skal bli ein realitet like sida det fyrst kom opp tilbake i 2008.

– Kva kan by på vanskar under dagens ordning?

– Det kan til dømes vere ei konflikt mellom ansatte i dei to ulike linjene. Slike saker blir lett unødig kompliserte og tungrodd med to arbeidsgjevarar. Motstanden mot å gå over til ei linje er gjerne størst frå prestane.

– Dei er nok veldig nøgde med å vera stats-tilsette, med bispekontoret som leiar, trur Bratli, som sjølv ser fram til samarbeidet han no skal ha med prosten i Åsane prosti.

Trives på Osterøy

– Korleis var det å koma til Osterøy?

– Framifrå. Eg kom til ein arbeidsplass der alt var godt tilrettelagt. Tidlegare kyrkjevevje, Helge Kolstad, har gjort ein flott jobb.

Tida framover skal han bruke til å «dukke inn i» alle dei nye oppgåvene.

– Eg kjem til å få bruk for alt eg har vore innom gjennom 17 år i Bergen, seier han.

– Heile spekteret skal dekkast, frå det å administrere kyrkjene og gravplassane til å ha ansvar for personal og økonomi. Føremønen er at det er mykje mindre volum på kvar oppgåve enn det eg har vore van med.

Mista dottera

Edvin Bratli har levd heile livet i tett samkvem med kyrkja, både som ansatt og som frivillig.

– Interesse mi for data har vore viktig, og det med layout. Eg har hatt ansvar for fleire ulike kyrkjelydsblad opp gjennom åra, både i Fana, Domkirken, Loddefjord og Sælen. Det er ikkje umogleg at dette er kunnskap eg også kjem til å dra vekslar på vidare.

Privat er han ein mann som set familien høgt. Han er gift, med tre barn og snart fire barnebarn. Det er òg no me kjem til det han finn mest vanskeleg å snakke om. 25. januar 2013 omkom dottera Mari i ei stygg trafikkulukke på Stord.

– Ho smalt inn i ein trailer, med borna i baksetet, fortel han.

– Det har vore tøft. Eg kjem nok aldri over det.

Kjennes urettvist

Mari blei 24 år, og etterlot seg to mindre-årige born. Munnvikane hans skjelv når han fortel dette, og eg ser at han kjempar med tårane. Heldigvis kom dei to borna frå ulukka med livet, sjølv om den yngste av dei lenge svevde mellom liv og død.

– Ho brakk nakken, så det stod om livet, fortel han.

– I den første tida satt med berre på sjukehuset. Ho fekk hjelp av ein av dei fremste kirurgane i landet, og var gjennom tre operasjoner. Det var utrolig vellukka.

– Som kristen; kva gjer ei slik hending med gudstrua?

– Det kjennes urettvist. Avisene fortel kvar veke om liknande ulukker, men det hjelper lite når det rammar så nært.

Gler seg over barnebarna

Barnebarna har vore ei stor trøyst gjennom den vanskelege tida, og Bratli er svært takknemleg for at han og kona har fått lov til å vere besteforeldre for dei.

– Det har gjort det enklare, sjølv om saknet er der kvar dag. Eg kjente veldig på det då Ingmar Ljones mista to døtre. Då kom alt tilbake.

Han blir stille, rettar blikket mot eit usynleg punkt i lufta framføre seg.

– Me har fått kjenne på kva livet betyr; kva familien betyr, kjem det etter ei stund.

– Du har livet her og no, det er det viktige. Mykje anna er blitt veldig lite viktig for oss.

Tid for andre? Tid som kan forandre?

Kirkens SOS i Bergen trenger nye frivillige medarbeidere til vår døgnåpne krisetjeneste på telefon og nett! Inntakskurs starter 28. sept.

Vil du gjøre en forskjell for mennesker som har det vanskelig og samtidig oppleve personlig utvikling? Som frivillig kan du velge mellom å lytte til mennesker på telefon eller chatte med dem på internett. Du får full opplæring og oppfølging underveis, og vi kan tilby et utviklende personlig og sosialt fellesskap. Tjenesten er velordnet og forutsigbar, og kan fint tilpasses jobb, studier eller pensjonisttilværelse.

Interessert? Kontakt oss på 55 32 58 45 / 941 83 654, eller se www.kirkens-sos.no/bjorgvin for mer informasjon.

Kirkens SOS er Norges største og eldste krisetjeneste på telefon og internett.



Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina v/Tro-Håp-Kjærlighet

Første og siste lørdag i mnd.
kl. 12-14.00

v/Lærerhøgskolen på Breistein,
Olav Bjordalsvei 43


Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekk

Kontaktperson: 99 64 24 70

www.thk.no



POLITIKER OG PREST: – Jeg er tydelig på at dette gjør jeg som borger, ikke som prest. All politikk bygger på verdier, som igjen bygger på livssyn, men politiske argumenter må være allmenngyldige uansett personlig tro, sier Tom Sverre Tomren. (Foto: Elise Årdal)



En grønn prest

Tom Sverre Tomren er sokneprest i Osterøy-menighetene Haus, Bruvik og Gjerstad. I tillegg har han doktorgrad i miljøetikk og sitter på fylkestinget for Miljøpartiet De grønne. – Min gudstro begynte med naturopplevelser, sier han.

TEKST: MAGNE FONN HAFSKOR

Koblingen mellom miljøvern og kristendom har Tomren hatt med seg like siden han kom til troen som 16-åring. Han gikk da siste året på ungdomsskolen, og holdt sin første andakt foran et fullsatt klasserom.

To sider av samme sak

– Jeg snakket om Guds storhet i skaperverket, mimrer han. Helt siden han var liten har han likt å være ute i naturen. Dette har innprentet i ham en undring og respekt over hvem som har slapt sammenheng.

– Ærefrykten for livet med stor L og min opplevelse av Gud er to sider av samme sak.

Tomren vokste opp i Sydneskleiven og på Eidsvåg, før han ni år gammel flyttet til Frekhaug. Som ung voksen begynte han som ungdomspredikant i Santalmisjonen.

– Miljøvern ble et av hovedtemaene for meg i forkynnelsen, forteller han.

Startet miljønettverk

Senere engasjerte han seg i Natur og ungdom, og ble etter hvert en kjent figur i miljøbevegelsen. I forbindelse med kampen mot gass-

kraft tidlig på 90-tallet tok han initiativ til en fellesgudstjeneste i Nidarosdomen koordinert med miljøgudstjenester over hele landet.

Han så da behovet for et miljønettverk i kirken, og startet dette sammen med biskop Odd Bondevik. Tomren satt som første leder av «Kirkelig nettverk for miljø og rettferd», som det fortsatt heter, og deltok under Kyoto-forhandlingene som utsending fra Mellomkirkelig råd i Den norske kirke. Veien videre gikk via Naturvernforbundet, der han ble fylkesleder da han kom til Bergen i 2002.

Savnet en grønn linje

Samtidig meldte han seg inn i KrF, som den gangen var regjeringsparti. Den store helten var Kjell Magne Bondevik, som gikk av på gasskraftsaken i 2000, for deretter å gjøre comeback etter stortingsvalget året etter. Tomren ble valgt inn i kommunestyret i Meland, og satt der fra 2004-2007. Så tok han med seg familien og flyttet til Kamerun, der han i fire år var lærer på Det lutherske teologiske instituttet.

– Det ble etter hvert mye snakk om veier og klassisk industriutvikling

i Hordaland KrF, så da jeg kom tilbake til Norge, hadde jeg allerede skiftet over til MDG, forteller han.

– Jeg savnet en mer tydelig og kompromissløs grønn linje.

Hjemme igjen dannet han lokallag for MDG i Meland, og ble valgt inn i fylkestyret i 2011. Nå sitter han som partiets fylkesleder, og står på førsteplass på valglisten.

– Jeg har valgt å ikke stille til valg til kommunestyret. Det kan bli for nært og vanskelig å kombinere det med prestegjeringen. Da er det lettere å flytte det et nivå opp.

Ulike roller

– Hvordan ligger dere an i årets valg?

– Jeg er trygg på at vi får inn to, trolig tre og håper på fire grønne fylkestingsrepresentanter. Dersom vi kommer på vippen, skal vi vri Hordaland over i en grønnere retning.

– Hvordan klarer du å kombinere rollen som politiker med prestegjeringen?

– Det er ulike hatter, men de sitter på samme hode. Både troen og mitt politiske ståsted springer ut fra den samme verdipattformen, sier han.

– Fra prekestolen kan jeg ikke si hvilket parti folk skal stemme på eller peke på konkrete politiske løsninger. Det går en grense der man må stoppe konkretiseringsnivået. Samtidig er det lange tradisjoner for at prester er politisk aktive. Tre av mine forgjengere fra prestegjeldet der jeg virker har gått fra prestegjering på Osterøy til Stortinget.

– Men ikke for De grønne?

– Hehe, nei. Enhver tid har sitt behov. Den forrige stilte for Arbeiderpartiet.

En kristen bunnlinje

– Sosialisme og kristendom er vel litt beslektet?

– Hele den sosialdemokratiske bevegelsen har en kristen bunnlinje. Det er ikke tilfeldig at sosialdemokratiet oppstod innenfor den kristne kulturkretsen.

– Hvilke likheter ser du? Går det på fellesskapsløsningene?

– Sosialismen har med mange ting fra Det nye testamentet. Likeverdsidealet er én ting, det at alle er like mye verdt foran Gud, og at alle har noe de kan bidra med. Paulus understreker at det trengs ulike evner og personligheter for å skape fellesskapet, og kommer med tydelige advarsler mot å utnytte arbeiderne.

Ramsalte ord

Det samme gjelder Jesu bror Jakob, som er ganske nådeløs når han refser de rike: *«Rikdommen deres råtner, og klerne blir møllspist, gullet og sølvet ruster bort, og rusten skal vitne mot dere og fortære kroppen deres som ild. Dere har brukt endetiden til å samle skatter! Men hør: Den roper høyt, den lønnen dere holdt tilbake fra arbeiderne som skar åkrene deres, og nødpet fra dem som høster inn, har nådd fram til Herren Sebaots øre. Dere har levd i luksus og overflod på jorden og gjort hjertene fete til slaktedagen»* (Jak. 5, 2-5).

– Det er ramsalte ord, sier han.

– Man kan nesten ikke lese de fra prekestolen.

Har sett konsekvensene

– Hva med miljøbudskapet? Finner du dekning for det innenfor kristendommen?

– For meg handler det om en utvidet solidaritet og nestekjærlighet. Klimaendringen er vår tids største trussel mot fellesskapet. Da jeg bodde i Afrika, så jeg hvordan klimaet påvirker folk direkte. Malariamyggen er nå på steder den ikke har vært før fordi det er

blitt varmere. Ørkenen sprer seg, og hele landsbyer må flyttes lenger sør. Regntiden kommer senere enn før, slik at flere mister såkornet sitt.

– Konsekvensen av miljøendringene er enorme menneskelige lidelser. Grønn solidaritet er noe som går mye dypere enn klassisk sosialisme. Alt henger sammen med alt. Det vi gjør et sted på jorden går utover et annet sted, og det vi gjør i denne generasjonen går utover neste generasjon.

TV-aksjon til Regnskogfondet

Med årets TV-aksjonsmidler er målet å bevare et regnskogsområde på størrelse med Norge og Danmark til sammen.

18. oktober er den store innsamlingsdagen med fokus på den skogen som er ulik alle andre. Regnskogen forsyner verden med mat, vann og medisiner, og bidrar til å regulere klimaet på kloden. Regnskogen er dessuten hjemmet til om lag 260 millioner mennesker. Disse blir drevet ut i fattigdom hvis skogene raseres.

TV-aksjonen NRK 2015 går til Regnskogfondets arbeid med å redde regnskog i nært samarbeid med menneskene som bor der. Halvparten av verdens regnskoger er allerede ødelagt, og uten din hjelp kan det være for sent å redde det som er igjen. Pengene som samles inn skal bidra til å bevare noen av verdens største regnskogsområder i Peru, Brasil, DR Kongo og på øya Ny-Guinea. Bli bøssebærer, ring 02025 eller gå inn på blimed.no.



VERDAS LUNGE: Regnskogen, som her langs Amazonas-elven, skal forhåpentligvis få rekordmange millioner fra norske givere i høst. (Foto: Jorge Kike Medina)

Global veke for rettferd

I november arrangerer Noregs kristne råd for første gong ei felleskyrkjeleg global veke for rettferd.

Veka er frå 8.-15. november i haust, og alle kyrkjelydar og grupper i landet er invitert til å delta for å markere eit felles globalt rettferdstema. Følg med på nettstaden til Global veke, www.globaluke.no. Du kan søkje midlar til å delta i Global veke via Kyrkjias nord/sør-informasjon på www.kui.no/index.cfm?id=90007

– Sameining, ikkje splitting

– Eg trur vi tek eit stort steg i riktig retning om vi fokuserer på sakene som er til oppbygging i staden for dei som splittar oss, seier Andreas Skeidsvoll, som stiller som lek kandidat frå Åsane prosti til Bispedømmerrådet.

TEKST: TOM SVERRE TOMREN OG MAGNE FONN HAFSKOR



OPPMODAR TIL SAMEINING: – Eg trur det er viktig at vi lyftar blikket, og heller går saman om saker som samlar oss, seier Andreas Skeidsvoll. (Foto: Privat)

Skeidsvoll er 23 år gamal, og har vokse opp på ein liten plass utanfor bygda Lonevåg på Osterøy. Som liten vart han kjent med det kristne arbeidet på Osterøy gjennom søndagsskulen, Gjerstad kyrkje og i ein lokal pinsekyrkjelyd.

Sakna gode ungdomstilbod

– Det var ein god plass å veksa opp, men som ungdom syntes eg til tider at det var litt for lite tilbod i området for folk som var på min alder, fortel han.

Etter vidaregåande blei han spurd om han ville arbeida eitt år som ungdomsarbeidar i kyrkja på Osterøy. Dette takka han ja til, ikkje minst sidan han hadde eit ynskje om å vera med på å styrkja tilbodet for ungdom på heimstaden.

Gjennom dette året arbeidde han saman med to utvekslingsstudentar frå Kamerun, kombinert med undervisning på Bildøy bibelskule.

– Det vart eit utfordrande og givande år, der vi fekk prøva oss på å starta og driva ulike aktivitetar for born og unge, seier han.

Gjer kyrkjevalet synleg!

Kandidatar til både sokneråd og bispedømmerråd oppmodast om å vere synlege i tida fram mot 13. og 14. september. Då kan det vere greitt å ha ein genser eller eit flagg som syner at det er eit val på gang.

Kyrkjerådet har fått laga eige kyrjeval-design på t-skjorter og rull-opp. Dette kan du no tinge til eiga bruk i tida fram til valet i september, og på valdagane. Alle artikkane er lilla, og sjølvsgad i begge målformer.

Meir informasjon:

www.materiell.kirken.no/?event=showbutikk&katid=1583879

Musikk og idrett

Etter dette året flytta han til Bergen, og studerar no nanoteknologi på tredje året ved Universitetet. I dei to siste åra har han vore engasjert i ulikt kristent arbeid for studentar i Bergen.

– Eg likar godt å drive med musikk og idrett, så eg har teke del i eit lovsongsband i Salem misjonsforsamling, koret Gospel Bergen og i Student-KRIK.

– Du har allereie sete i Gjerstad sokneråd i to år. Korleis har det vore?

– Det har vore gjevande. Med samarbeidar med ulike kyrkjelydar og ein døveskule i Kamerun. Det er kjekt å sjå korleis kyrkjelyden saman engasjerer seg for desse prosjekta.

Ei ung røyst

– Kvifor stiller du som kandidat til haustens bispedømmerrådsval?

– Kyrkja vår står overfor store utfordringar i tida framover, og eg ynskjer å bidra med tankar og idear om korleis ein kan løysa desse utfordringane, seier 23-åringen.

– Eg ynskjer å vere ei ung røyst i bispedømmerrådet og på Kyrkje-møtet, og eg håpar at mi erfaring frå kristne ungdoms- og studentmiljø kan vera med på å gje eit nytt perspektiv.

– Kva er din visjon for Den norske kyrkja for dei komande fire åra?

– Eg ynskjer å arbeide for at kyrkja skal få ein tydeleg profil, der Bibelen er den høgste autoriteten. Samstundes ynskjer eg å arbeide for at vi skal bli sett på som ei varm og imøtekomande kyrkje som er open for alle, seier han.

Vil styrka fellesskapet

Skeidsvoll meiner at kyrkja treng å tenkje nytt om fellesskapet; om kva ein kan gjera med gudstenesta, kyrkjelokala og aktivitetstilbodet i kyrkjene for å auka fellesskapskjensla blant dei som går i kyrkja.

– Eg trur at vi, ved å styrka fellesskapet i kyrkja, lettare vil få høve til å tene kvarandre. Eit imøtekomande og tenande fellesskap vil også gjera det tydelegare at kyrkjegjengarar utøver trua si, noko som igjen kan virka misjonerande.

Saker som samlar

– Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

– Eg trur det er viktig at vi lyftar blikket, og heller går saman om saker som samlar oss, meiner Skeidsvoll, og listar opp ei rekkje med eksempel på slike saker:

– Korleis kan vi gje folk, og spesielt ungdom, ei sterkare eigedomskjensle til kyrkja? Korleis kan vi i større grad ta vare på dei svakaste i samfunnet vårt, og korleis stiller vi oss til fattigdom, krig og klimaproblema som står framom oss? Korleis kan vi gjere kyrkja til ein stad der folk kjenner seg meir velkomne? Dette er alle utfordringar som eg trur vi kan stå saman for å møte. Eg trur vi tek eit stort steg i riktig retning om vi fokuserer på sakene som er til oppbygging i staden for dei som splittar oss.



Valpresentasjon
frå valrådet i
Bjørgvin bispedøme

Kyrkjevalet 2015

Kven vil du skal styre i kyrkja?

Du er med på å bestemma kven som skal sitja i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting» i perioden 2015 - 2019.

Bli kjent med kandidatane:

- Kven er dei? • Kva erfaring har dei?
- Kvifor stiller dei til val? • Kva meiner dei?

**Kort presentasjon på dei neste sidene -
fyldig presentasjon på kyrkjevalet.no/bjorgvin**



Dei nominerte til Bjørgvin

Det er ein nominasjonskomite som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med ein medlem frå kvart prosti. Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemene i nominasjonskomiteen. Komiteen har lagt vekt på at begge kjønn skal vere representerte med minst 40 prosent og at lista skal innehalde minst 20 prosent kandidatar under 30 år. Det er vidare lagt vekt på å at ein skal representere ei breidde i kandidatane sine syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål.



1. Inger Helene Thingvold Nordeide

54 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Førde, Sunnfjord prosti.

Erfaring: Medlem og leiar Bjørgvin bispedømeråd, søndagsskulelærar, gudstenesteutval, kyrkjeblad, helse- og sosialutval i kommunen, styre folkehøgskule.

Eg stiller til val fordi eg ønskjer å være med å påverke i dei vala kyrkja skal gjere etter skillet frå staten.



2. Nora Sætre Baartvedt

20 år. Student, Fyllingsdalen videregående skole. Voss, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Leiar av Ungdomsrådet i Bjørgvin, medl. klokkekarlaget i Voss, delegat Ungdommens kirkemøte 13 og UKM-delegat til Kyrkjemøtet 14.

Eg stiller til val fordi det er viktig for meg at kyrkja, i denne tida med endring, er til stades i samfunnet og bidreg med positive verdiar. Samstundes er det viktig at me framleis opprettheld dei tradisjonar og retningslinjer som me sjølve kjenner oss att i. Eg vil gjerne være med å koma fram til noko som sikrar ei god framtid for kyrkja vår.



3. Karl Johan Kirkebø

65 år. Markedsdirektør. Bønes, Fana prosti.

Erfaring: Medlem og leiar i menighetsråd, Stiftelsen Bønes interimskirke, menighets-

blad, medlem fellesråd og medlem/leiar prostråd. President i lokal Lions club.

Eg stiller til val fordi eg har eit brennande engasjement for kyrkja og for det den kan bety for kvar enkelt og for lokalsamfunnet. Eg er uroleg for utviklinga i kyrkja og er redd for at kyrkja er i ferd med å bli meir og meir konform, med blir lågare takhøgde og høgre tersklar. Viktig å ta tak i bl.a. finansiering no når kyrkja blir meir sjølvstyrt. Med min bakgrunn frå økonomi og strategi og mitt engasjement som kyrkjemedlem, trur eg at eg kan medverka.



4. Andreas Skeidsvoll

23 år. Student, Universitetet i Bergen. Osterøy, Åsane prosti.

Erfaring: Sokneråd. Eittåring i kyrkja. Student-KRIK, kor , ungdomsforeining og kyrkjelydsarbeid.

Eg stiller til val fordi eg ønskjer å bidra med tankar og idear om korleis kyrkja kan løysa dei store utfordringane den står overfor i tida framover. Eg ønskjer å være ei ung røst i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, og eg håper at mi erfaring frå fleire kristne ungdoms- og studentmiljø kan vera med på å gi eit nytt perspektiv på sakene som vert tatt opp i desse organa.



5. Berit Nøst Dale

63 år. Høgskolelektor NLA/ Lærerhøgskolen. Meland, Nordhordland prosti.

Erfaring: Medlem i Bjørgvin bispedømeråd, medlem og nestleiar i sokneråd.

Eg stiller til val fordi eg er blitt beden om det, kanskje fordi eg har erfaring frå bispedømeråd og kyrkjemøtet siste periode. Som lek kyrkjegjengar i eigen kyrkjelyd ser eg det som positivt at folk på grunnplanet er med og avgjer kvar kyrkja skal gå vidare i den nye situasjonen som kyrkjesamfunn heller enn statskyrkje.



6. Marius Økland

29 år. Adm. leiar, Normisjon reg. Sogn og Fjordane. Bremnes, Sunnhordland prosti.

Erfaring: Konfirmantlærar. Styre- og leiarverv i Indremisjonssamskipnaden og Normisjon. Søndagsskulelærar.

Eg stiller til val fordi eg er motivert til å jobbe for at kyrkja skal vere relevant i barn og unge sitt liv. Dette må vi halde varmt på alle nivå i kyrkja. I trua på Jesus er vi kalla til eit livslangt disippelskap – og kyrkja må møte barnefamiliane, ungdommane og dei unge vaksne sine behov for kristent fellesskap på ein måte som er relevant for dei.



7. Liv R. Ågotnes

48 år. TSP Group Manager and System Administrator. Fjell, Vesthordland prosti.

Erfaring: Leiar for personal- og serviceavd. ved Bjørgvin bispedømekontor. Kyrkjeverje, leiar kyrkjelydsutval, medlem sokneråd.

Eg stiller til val fordi eg er glad i kyrkja og voner eg kan gjere nytte for meg med min kompetanse innan personal, organisasjon breid erfaring innanfor ulike arbeidslag i kyrkja.



8. Ida Lindøe

47 år. Lektor, Kvam ungdomsskule. Ålvik, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd og medlem fellesråd og trusoppføringsutval. Medlem og leiar Emmaus (no Kyrkjeleg dialogsenter Bergen). Studentmenigheten i Bergen. Medlem kvinneutvalet i Bjørgvin.

Eg stiller til val fordi fordi eg håpar å kunna bidra med mi erfaring og kompetanse frå kyrkjeleg arbeid i meir enn 25 år. Bakgrunnen min som religionsvitar er også relevant. Eg har eit stort ønske om at så mange som mogeleg skal få oppleve Den norske kyrkja som ein god stad å komme til og få bu i. Låg terskel, inkludering i fokus. Være ein god arbeidsgjever. Kyrkja må både klare å tilpasse seg slik kvardag og helg er for folk flest i dag, samstundes som den skal ta vare på tradisjonar både frå kyrkjelivet i Noreg og hente inspirasjon frå den verdensvide kyrkja gjennom historien.



9. Vemund Øiestad

66 år. Tannlege i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Norsida sokn, Nordfjord prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd. Leiar fellesråd og prostråd. Varamedlem Etisk råd i Den norske tannlegeforening.

bispedømeråd 2015 - 19

Eg stiller til val fordi eg er oppteken av utviklinga i kyrkja. Med bakgrunn både frå sokneråd og fellesråd i 18 år, har eg ein god del kunnskap og erfaring som vil vere viktig å ta med seg i dei utfordringar kyrkja står overfor dei næraste åra.



10. Per Hilleren

56 år. Bonde, Stedje, Sogn prosti.

Erfaring: Leiarverv regionale styre i landbruk og landbrukssamvirke. Styreleiar Lyngmo Ungdomssenter. Sokneråd og prostråd.

Eg stiller til val fordi eg ynskjer å vere med å bidra til å styrkje den norske kyrkja sin posisjon.



11. Inge Wilhelm Økland

26 år. Barne- og ungdomsarb. i Indremisjonsforb. Sandviken, Bergen domprosti.

Erfaring: Varamedlem ungdomsrådet i Bjørgvin. Konfirmantleiar.

Eg stiller til val fordi det er ei veldig spennande tid kyrkja er inne i no, og val gjort i neste periode kan få store konsekvensar for framtida til kyrkja. Eg trur det kan være positivt med nokon ungdommar i bispedømerådet.



12. Hildegunn Kalvenes

67 år. Pensjonert helsesøster. Austevoll, Fana prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd. Helsesøster. Meddommar Heradsretten.

Eg stiller til val fordi eg ser på kyrkja som ei stor misjonsmark. Viktig at det er klar forkyning til omvendning og frelse. Ynskjer å vera med å fremje at kyrkja står på Guds ord.



13. Bjørn Sandvik Sølsnæs

20 år. Student. Leikanger, Sogn prosti.

Erfaring: Verv i Fylkesstyremedlem i Senterungdomen Sogn og Fjordane, Leiar i Senter-

ungdomen Midtre Sogn, Leiar i Leikanger Bondelag, Leiar i Leikanger Mållag.

Eg stiller til val fordi eg er reflektert og engasjert. Eg er glad i og kjenner meg heime i kyrkja, og vil gjerne bruka engasjementet mitt på å forvalta henne vidare. Me lever i ei spennande tid og står føre store endringar. Eg er løysingsorientert og trur eg kan bidra positivt og konstruktivt i dei prosessane som kjem.



14. Kjellfrid Torunn Mæland

63 år. Førsteamanuensis i pedagogikk ved HSH. Stord, Sunnhordland prosti.

Erfaring: Medlem i sokneråd og kyrkjeakademi.

Eg stiller til val fordi eg har fått eit konkret spørsmål frå den lokale kyrkjelyden. Eg ser det meningsfylt og spennande å delta i kyrkjeleg utviklingsarbeid i ei tid med store endringar, og der både nasjonale og internasjonale perspektiv høyrer med.



15. Gunn Ragnhild Vårdal Helgesen

59 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Selje, Nordfjord prosti.

Erfaring: Ordfører, Varaordfører, Leiar i Nordfjordrådet, Leiar i hovudutval for skule og barnehage i Selje.

Eg stiller til val fordi eg er spurt om å stille som kandidat, og eg har eit ynskje om å delta.



16. Kjell Jarle Aadland

66 år. Rådgiver. Os, Fana prosti.

Erfaring: Os Y's men klubb president, Y's men Region Norge kasserer.

Eg stiller til val fordi eg vil vera ein representant for mangfaldet.



17. Jostein Bildøy

49 år. Dagleg leiar. Førde, Sunnfjord prosti.

Erfaring: Mentor/teneste i trusopplæring, foredragshaldar. Fylkessekretær KRF.

Søndagsskulekonsulent. Styremedlem European Lutheran Sunday School Association.

Eg stiller til val fordi eg vil vere ein medspelar i arbeidet med å styrke og vidareutvikle trusopplæring for barn, familie og kyrkjelyd. Eg vil arbeide for Den norske kyrkja som ein proaktiv og dynamisk kyrkjeleg organisasjon som lokalt og nasjonalt motiverer som konkret trussamfunn og folkekyrkje. Eg vil vere ein medspelar i arbeidet med dialog mellom trus- og livssynsamfunn for kjennskap, tryggleik og respekt.



Supplerande kandidat: Egil Morland

65 år. Førsteamanuensis. Fjell, Vesthordland prosti.

Erfaring: Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkerådet, Fagleg-etisk utval i Menneskeverd. Varaordfører.

Eg stiller til val fordi dei siste åra og dei komande er svært viktige for kyrkja si framtid, både når det gjeld ordningar og profil. Det vil ikkje vera rett å «hoppa av» no, med den erfaringa eg har frå desse prosessane. Eg har no hatt 1½ periode i Bispedømerådet, og er for tida også vald medlem av Kyrkerådet.



Supplerande kandidat: Marte Seip

69 år. Pensjonert lækjar. Eidfjord sokn, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Kirkens Nødhjelp i Sør-Sudan og Pakistan. Sokneråd og fellesråd. Speidarleiar. Medlem av diakoniatutvalet i Bjørgvin.

Eg stiller til val fordi kyrkja ligg meg på hjarta. Vi er no inne i ein viktig organisasjonsoppbyggingsfase. Eg er oppteken av at strukturar på alle plan må tene det lokale arbeidet. Spesielt meiner eg at eg kan representere små kommunar og prosti med mange sokn og kommunar.

Supplerande kandidatar kom inn etter nominasjonen med minst 75 underskrivarar kvar bak seg. Alder på kandidatane er alder på valdagen 14. september.

Les meir om kandidatane på kyrkja.no/bjorgvin



Bli betre kjent med kandidatane

Les meir om kandidatane på nettet: kyrkja.no/bjorgvin, eller i brosjyre du får på ditt lokale kyrkjekontor.

